



iModalen AS  
Postboks 96  
5732 MODALEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:EZWEBK- Skjemanr.:533  
Vår: 23/155 - 23/1402

Saksbehandlar:

Tonje Husum Aarland  
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:

23.05.2023

## Svar - søknad om tilskot til kompetansehevande tiltak

Viser til søknad om tilskot til kompetansehevande tiltak datert 28.05.2023.  
Det er gjort slik vedtak i saka:

### Vedtak

Modalen kommune løyver kr. 6500,- frå næringsfondet i tilskot til iModalen til kompetansehevande tiltak.  
Følgjande vilkår gjeld:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.
2. Tilskotssum vert utbetalt i tråd med dokumenterte kostnader.
3. Modalen kommune sin strategiske næringsplan (2017), samt Vedtekter for næringsfondet (2017) ligg til grunn for løyvinga.

### Saksutgreiing:

iModalen AS ønsker å søke støtte frå næringsfondet til kompetansehevande tiltak gjennom deltaking i Utviklingsprogram for Reiselivet som næringshagen Klar Bedrift gjennomfører. Utviklingsprogrammet skal auke kunnskap og ferdigheiter innanfor berekraftig reiseliv, og bidra til utvikling av verksemda iModalen.

iModalen AS har som føremål å samle reiselivs- og besøksnæringsbedrifter i Modalen med sikte på å utvikle reiselivet som næring, skape produktsamarbeid og drive marknadsføring og sal av lokale reiselivstenester. Det vert i søknaden peika på utviklingsprogrammet som ein nyttig kurs og kompetansetiltak for å vere oppdatert på trender og utvikling, og gje naudsynt kompetanse til å forbetre verksemda og gje betre opplevingar til målgruppa.

## Vurdering opp mot Strategisk næringsplan for Modalen kommune (SNP) og vedtekter for næringsfond

Næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. SNP peiker på reiseliv som eit av fokusområda, der målet er å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt. Eit anna fokusområde i SNP er gründer, etablering, entreprenør og innovasjon, der eit av delmåla er å gje tilskot til deltaking på kurs- og opplæringstiltak gjennom næringsfondet.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket er i tråd med vedtekter for næringsfondet og sentrale fokusområde i SNP.

### *Økonomi*

I søknaden er det vist til at samla kostnader for det kompetansehevande tiltaket er kr. 13 350,-. Det vert søkt om i underkant av halvparten av dette; kr. 6500,-. Resterande beløp vert dekkja inn av eigenkapital og eigeninnsats.

Rådmannen si vurdering er at søknaden er i tråd med tildelingskriteria i SNP og vedtektene for næringsfondet i Modalen kommune, og at iModalen får tilskot frå næringsfondet tilsvarande søknadssum kr. 6500,-.

### **Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28 - 36.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**  
iModalen AS

Postboks 96

5732

MODALEN